

Tore Felland Storhaug
Håtveitvegen 117
3880 Dalen

Tokke kommune
Storvegen 60
3880 Dalen

Mo/Håtveit 25.03.2013

Uttale til revisjon av konsesjon for Tokke-Vinje vassdraget.

Eg skriv denne uttala då familien flutte til Håtveit etter at revisjonsprosessen starta.

Mo

For Mosåi er kravet om minste vassføring sumarstid viktig av omsyn til kulturlandskapet, i tillegg til at vi vonar at det kan redusere mygg og knottplaga.

Mosvatn er eit varmt badevatn som følgje av lite gjennomstrøyming, men det har ført til attgroing. Det bør på same måte som for Tveitevatn og Grungevatn gjerast tiltak for å redusere attgroing i Mosvatn.

I revisjonssaka var det kravd bru over den gamle fløtardammen i Mo, denne er hausten 2012 bygd på dugnad med finansiering frå Tokke kommune. Mo bygdelag ber om at Statkraft får ansvaret for å vedlikehalde brua og turvegen som Mo bygdelag vil byggje frå nåledammen til Mo kyrkje i 2013. Grunneigarane har gjeve fri grunn til denne turvegen. Fleire av grunneigarane er interessert i at ålmenta skal få tilgang til fiske i Mosvatn.

Dei tre krava over er drøfta i styremøtet i Mo bygdelag 10.03.2013, og er eit felles krav frå bygda.

Botnedalen

Her er det svært viktig at Statkraft oppfyller gjeldande konsesjonskrav fyrst, jfr. klagesak som er til handsaming hjå NVE. For å oppfylle skogsbilveg kl. III skal det mellom anna vera snuplass for vogntog for kvar 500 meter. I den nye konsesjonen vert det viktig at Statkraft får drifts- og vedlikehaldsansvaret for annleggsvegar, tiltaksvegar og konsesjonsvegar i Botnedalen, som minst tilsvarar ein standard for skogsbilveg kl. III.

På same måte som for Byrtevatn bør Statkraft i samråd med grunneigarane rydde gånplassar på strendene der grunneigar ynskjer det / nyttar fiskeretten.

Tiltaksvegar

Desse vegane er ein del av infrastrukturen og til nytte for grunneigarane og glede for innbyggjarane i Tokke og Vinje. Statkraft lyt framleis ha ansvaret for vedlikehald av desse, anten i eigenregi eller ved å styrke fondet til drift og vedlikehald som dei no har gjort avtale med AT Skog om.


Produksjonskapasitet

Statkraft kan saman med grunneigarane i Håtveit og Åsgrend vurdere om ein skal nytte høgdeskilnaden mellom heimre Bessevatn og Ljosokpytten til å produsere straum. Dette er ein høgdeskilnad på ca 140 meter.

Fornybar energi/rein energi

Ber om at Tokke og Vinje kommune stiller krav om at Statkraft etablerar eit forsøks/demonstrasjonscenter for fornybar energi t.d. knytt til Vest-Telemark vidaregåande skule. Dette bør omfatte vind, vatn, sol og bioenergi.

Helsing



Tore Felland Storhaug

Kopi: Statkraft Energi, v/Tron Engebretsen

NVE, nve@nve.no

Vinje kommune, postmottak@vinje.kommune.no